

Dermatofyttar

Analysemetode

Dermatofytt-dyrking

Indikasjon

Mistanke om dermatofyttinfeksjon i hud, hår eller negler.

Prøvetaking

Hud: Prøvar frå hud takast ved å skrape av litt av huda frå kanten av lesjonane med kniv eller skarp skei. Dersom lesjonane syner perifer spreining, takast prøven frå den progredierande randsona.

Hår: Synleg skada hår nappast ut.

Negler: Små bitar klippast eller skrapast frå angripne negler.

(Obs. Prøvar frå hud, hår og negler kan av rekvirenten sjølv undersøkast direkte i eit kalilutpreparat: Materialet leggast på eit objektglas, nokre dråpar 10-30% KOH dryppast på og preparatet varmast forsiktig opp over gassflamme utan at preparatet kokar.)

Mikrobiologisk avdeling ved Haukeland universitetssjukehus kan utføre PCR for dermatofyttar direkte på prøvematerialet. Obs. då må materialet sendast på sterilt prøveglas, ikkje mellom objektsglas.

Prøvetakingsutstyr

Steril container utan tilsetjing:



Prøvar frå hud, hår eller negler kan, dersom materialet er forholdsvis sparsomt, sendast mellom to reine objektsglas som festast saman med tape.

Oppbevaring før transport

I romtemperatur/kjøleskap.

Haldbarheit

1 veke. Eldre prøvar kommenterast i svar.

Vurdering i laboratoriet

Vi utfører ikkje rutinemessig mikroskopi av kalilutpreparat unntatt ved opplyst mistanke om pityriasis versicolor (*Malassezia furfur* veks ikkje på våre standardskåler) og elles der det er eksplisitt rekvirert.

Forventa analysetid

Dermatofyttprøvar inkuberast i 3 veker før dei vurderast som negative.

Feilkjelder**Utførast av**

Bakteriologisk fagområde

Fagområde

Mykologi

Rekvisisjonsskjema

Skjema HF 1084

Skjema HF 1088

Medisinsk fagleg ansvarleg

Reidar Hjetland

Sist oppdatert

10.10.2016 Gro Øren